



Skal kartlegge fritida til barn og unge i Alver

23. - 24. mai blir alle barnefamiljar i Alver inviterte til å delta i ei undersøking om fritida til barna. Undersøkinga vil gi ny kunnskap om heile fritidslivet til barn og unge i heile Vestland.

Resultatet gir kunnskap som kan legge til rette for betre tilbod, og blir viktige verktøy i arbeidet med å skape gode lokalsamfunn og nærmiljø.

Invitasjonane til å delta i undersøkinga blir sendt ut med e-post til alle med folkeregistrert adresse i Alver kommune og resten av Vestland som har barn i alderen 3 til og med 17 år.

– Dei føresette blir spurde om barn og unge si fritid, si eiga rolle, og om medievanar dei har. Spørjeskjemaet vil ta om lag 15 minutt å svare på, og svarfrist er 17. juni, seier Eirik Bouwer Utne, tenesteleiar for kultur i Alver.

Kvifor er undersøkinga viktig?

Resultata frå undersøkinga vil gje eit godt kunnskapsgrunnlag for kommunen, institusjonar og organisasjonar innan kultur, idrett og friluftsliv.

– Undersøkinga vil vere relevant for folkehelsearbeidet, drift og planlegging innan kommunen sine ansvarsområde som samfunnsutvikling, oppvekst, helse, velferd og kultur, seier Bouwer Utne.

Barnefamiliepanelet

Deltakarane i undersøkinga blir ein del av Vestland sitt barnefamiliepanel. I Bergen kommune har barnefamiliepanelet gått i tre omgangar sidan 2019. I år er undersøkinga for første gang utvida til å dekke alle kommunane i Vestland fylke.

Meir info

Vil du vite meir om undersøkinga og barnefamiliepanelet sjå vlfk.no/barnefamilie

Kontaktperson for pressemeldinga:

Eirik Bouwer Utne, tenesteleiar for kultur i Alver.

Mobil: 93 41 30 89

E-post: eirik.utne@alver.kommune.no